

Bli med når folkejuryen skal finne ti fylkesvåpenfinalistar

På laurdag skal folkejuryen sine ti deltakarar fra Hordaland og Sogn og Fjordane kjempe fram sine favorittar til fylkesvåpen for Vestland. Dei kan berre sende vidare ti av dei til saman 667 forslaga til fylkesvåpen.

I neste veke, onsdag 22. august, opnar nettavstemminga der alle innbyggjarar i Hordaland og Sogn og Fjordane kan stemme, og folkefavoritten skal bli kåra. I nettavstemminga er òg fagkomiteen sine ti forslag med. Nokre forslag frå folkejuryen og fagkomiteen kan verte like, så tal forslag som til slutt går til avstemming er difor ikkje klart.

Folkejuryen består av ti menn og kvinner frå 18–72 år frå fleire kommunar i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Pressen er invitert til å møte folkejuryen til intervju/foto når dei kjem saman og startar arbeidet.

Tid: Laurdag 18. august kl. 13.00.

Stad: Hordaland fylkeskommune, Agnes Mowinckels gate 5, 5008 Bergen

Med på møtet er også:

- Per Morten Ekerhovd; konst.fylkesdirektør kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune
- Arlene Synnøve Bidne, seniorrådgjevar, nærings- og kulturavdelinga, Sogn og Fjordane fylkeskommune
- David Aasen Sandved, fylkeskonservator i Hordaland fylkeskommune

Vi legg til rette for at media kan komme tilbake når dei ti finalistane er klare (seinast kl. 16). Resultata kan òg ettersendast til media på e-post. Det blir òg sendt pressemelding og lagt ut nyheitssaker på nettstadane www.vlfk.no, <http://www.hordaland.no> og www.sfj.no.

[Her er dei 667 fylkesvåpenforslaga frå publikum](#)

Dette er folkejuryen:

Namn	Kjønn	Kommune/stad	Fylke	Alder
Øystein Hassel	m	Bergen	Hordaland	25
Jarle Birger Arnes	m	Bergen	Hordaland	52

Sigurd Andre Maraas	m	Fitjar	Hordaland	43
Renate Rebnord Matre	k	Lindås	Hordaland	44
Susan Abdallah	k	Stord	Hordaland	40
Kjellaug Gjerstad Norheim	k	Voss	Hordaland	72
Marit Solveig Nedrebø	k	Gaular	Sogn og Fjordane	46
Kamilla Rivedal	k	Holmedal	Sogn og Fjordane	18
Rasmus Mo	m	Sogndal	Sogn og Fjordane	59
Kristian Endal	m	Vågsøy	Sogn og Fjordane	21

Kva skjer vidare:

Frå 22. 30. august er folkeavstemminga open på www.vlfk.no, www.hordaland.no og www.sfj.no
Den som får flest stemmer får ein premie på 25 000 kroner, og dei andre finalebidraga får 2000 kroner kvar.

Forslaget som vert folkefavoritten blir saman med tre forslag frå fagkomiteen tatt med vidare i ein designkonkurranse. Her blir inntil fem designbyrå invitert til å lage sine forslag til nytt fylkesvåpen.

Etter at designbyråa har levert sine forslag skal fagkomiteen vurdere alle desse framlegga, og så innstille eitt av dei til nytt fylkesvåpen. Til slutt er det fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar som vedtek det endelege fylkesvåpenet for Vestland fylkeskommune mot slutten av året.

Kontakt:

Per Morten Ekerhovd

konst.fylkesdirektør kultur og idrett i Hordaland fylkeskommune
mob: 957 60 481

Ingebjørg Erikstad

ass. fylkesdirektør næring og kultur i Sogn og Fjordane fylkeskommune
mob: 415 30 941

Mediekontakt for 18. august:

Jennifer Fossnes

senior kommunikasjonsrådgjevar i Hordaland fylkeskommune
mob: 402 32 384
e-post: jennifer.fossnes@hfk.no